



Miljødirektoratet  
Postboks 5672 Sluppen  
7485 TRONDHEIM

Dato: 23.01.2015  
Vår ref.: 2014/13925-4  
Saksbehandlar: jomragn  
Dykkar ref.: 2014/2540

## Rapportering på bruken av statlege tiltaks- og tilskotsmidlar på miljøområdet i 2014

Vi viser til dykkar brev datert 12.03.2014 (ref. 2014/2540) med overføring av tiltaks- og tilskotsmidlar for 2014 i samband med fylkeskommunen sine oppgåver på miljøområdet. I brevet er det vist til krav om rapportering på tilskotspostane, og direktoratet ber om at fylkeskommunen sender ein oversikt over prosjekta det er gitt tilskot til under dei statlege tilskotspostane som er nemnt i brevet.

Vi viser også til dykkar brev datert 2.12.2014 (ref. 2014/14125) med tilleggsløyving frå tilskotsposten kap 1420.22.3 til ferdigstilling av vassforvaltingsplanar (avtalenummer 14010618).

Her er samla rapportering frå Hordaland fylkeskommune på tilskotspostane. Tabellen nedanfor viser oversikt over løyvinga frå Miljødirektoratet og sum tilsegn om tilskot frå fylkeskommunen i 2014 på dei ulike tilskotspostane. Oversikt over tiltaka/prosjekta som fekk tilsegn om tilskot i 2014 er ført inn i vedlagte rapporteringsskjema (excel, med Miljødirektoratet sin rapporteringsmal).

Tilskotsordning	Løyving (kr)	Sum tilsegn (kr)
Lokale vilttiltak mv, Kap. 1425 post 71.3	500.000	605.000
Friluftslivsaktivitet, Kap. 1420 post 78	820.000	820.000
Friluftslivsområder, Kap. 1427 post 74	4.000.000	4.000.000
Vassmiljøtiltak, plan/prosess VRM, Kap. 1420.22.3	435.000	365.000
Vassmiljøtiltak, spleiselag, Kap. 1420.22.3	635.000	635.000
Vassmiljøtiltak, tilleggsløyving 2.12.2014, Kap. 1420.22.3	90.000	Sjå tekst

### Kommentarar til enkelte av tilskotspostane

#### **Lokale vilttiltak mv, Kap. 1425 post 71.3**

Som vist i tabellen ovanfor, er sum tilsegn større enn løyvinga frå Miljødirektoratet. Forskjellen skuldast bruk av restmidlar frå tidlegare år, frå prosjekt som ikkje er gjennomført, eller gjennomført i mindre omfang enn planlagt.

I løyvinga frå Miljødirektoratet i 2014 var det øymerka kr 100.000 til arbeid i regi av Sogn og Fjordane Skogeigarlag med organisering av hjorteforvaltninga. Hordaland fylkeskommune gav tilsegn om tilskot på i alt kr 300.000 til dette prosjektet, kalla "Forvaltning av hjortebestand 2014" (søknad nr. 3).

I enkelte søknader er omsøkt beløp oppgitt som eit samla beløp frå fleire fylkeskommunar. I vedlagte tabell er omsøkt beløp for slike søknader fordelt på tal omsøkte fylkeskommunar. Dette gjeld t.d. prosjektet "Overvaking av skoghønsreir 2014" (søknad nr 12).

For søknad nr 6 ("Infoblod jakt og fiske – Infoside internett") er oppgitt tilsegn lågare enn søknadsbeløpet. Søkjar skal likevel ha fått tilskot som omsøkt, gjennom samordna søknadsbehandling med fylkesmannen.

**Friluftslivsaktivitet, Kap. 1420 post 78**

Heile løyvinga vart fordelt i 2014.

**Friluftslivsområder, Kap. 1427 post 74**

Heile løyvinga vart fordelt i 2014.

**Vassmiljøtiltak, plan- og prosessarbeid VRM, Kap. 1420.22.3**

Kr 365.000 av løyvinga på kr 435.000 er fordelt likt til drift i dei fem vassområda i vassregionen. Av resterande del på kr 70.000 som er overført til bunde disposisjonsfond, har delar gått til diverse driftsutgifter (møtearrangement) og resterande vert overført til 2015.

**Vassmiljøtiltak, spleiselag, Kap. 1420.22.3**

Kvart av dei fem vassområda i vassregionen har fått kr 200.000 til drift i 2014, til saman kr 1 million. Midlane inngår i spleiselag med kommunane til dekning av løn m.m. til prosjektleiar i vassområda. Heile løyvinga på kr 635.000 er dermed fordelt likt på kvart av dei fem vassområda i vassregionen.

**Vassmiljøtiltak, tilleggsloyving, Kap. 1420.22.3, jf. brev datert 2.12.2014 (dykkar ref. 2014/14125)**

Tilleggsloyvinga på kr 90.000 i desember 2014 er tenkt brukt til prosessarbeid i 2015, blant anna til engasjement av ekstern person for samanstilling av høyringsuttalar til forvaltningsplan for vassregion Hordaland. Det vert i tillegg sendt ein eigen sluttrapport for tilleggsloyvinga, innan 31. januar 2015.

Nedanfor er ført opp sakshandsamarar for evt. nærare spørsmål knytt til rapporteringa på tilskotspostane.

Med helsing

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sakshandsamarar:

Eirik Knive (Friluftsliv), tlf. 55 23 91 66. [Eirik.Knive@hfk.no](mailto:Eirik.Knive@hfk.no)

Sølve Dag Sondbø (Vassmiljø), tlf. 55 37 80 01. [Solve.Sondbo@hfk.no](mailto:Solve.Sondbo@hfk.no)

Jomar Ragnhildstveit (Vilt), tlf. 55 23 93 08. [Jomar.Ragnhildstveit@hfk.no](mailto:Jomar.Ragnhildstveit@hfk.no)

**Vedlegg:** Rapportskjema med oversikt over prosjekt som har fått tilsegn om tilskot i 2014.